



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 31.07.2018  
Vår ref.: 2018/12312-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 18/1477-18/20298

## **Varsel om arkeologisk registrering - landbruksveg – gnr. 192 bnr. 5 Hopsdal - Lindås kommune**

Me viser til dykkar brev datert 22.06.2018 med søknad om godkjenning i ovanfor nemnde sak, og vårt brev datert 21.03.2018.

Med bakgrunn i kjennskapen til arkeologiske funn, eksisterande kulturlandskap og at garden ligg i eit dalføre med tilknytning til Seim, kan ein forvente nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle området. Det er difor naudsynt med ein arkeologisk registrering for å avgjere om tiltaket er i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

Registreringa vert utført ved maskinell flateavdekking i område der ny veg ønskes etablert. Ved maskinell flateavdekking fjernar gravemaskin matjordlaget i søkesjakter på om lag 2-3 m breidde. Lengda og djupne vil variere etter undergrunnstilhøve, mikrotopografi og praktiske høve. All jordmasse vil bli ført tilbake.

Sidan tiltaket er eit mindre privat tiltak dekker Hordaland fylkeskommune kostnadene ved ei slik registrering. Den arkeologiske registreringa vil verte gjort så raskt som råd, og etter nærare avtale med søkjar. Vi reknar med å bruke 2-3 dagar i felt.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Ole Jørgen Lunde